

Veterantraktor på Skorpo

18.05.2016



Oskar Langballe set straum på og får start på Volvo BM, 1960 modell

Den første firhjulstraktoren kom til Skorpo i 1969. Det var Bernt Langballe, far til Oskar Langballe, som kjøpte ein Volvo BM Terrier, 33 HK. Felleskjøpet var seljar.
Traktoren var ein 1960 modell, gjekk på bensin og var i fast bruk fram til 1972 då Langballe fekk ny traktor, Massey Ferguson 135.

Den tredje traktoren kom i 1981. Det var ein John Deere, ein mykje større og kraftigare traktor. Oskar Langballe minnest ikkje korleis traktoren vart transportert og sett i land. Det var ikkje kai på Skorpo på 1960 talet. Synlege skader på panseret fortel at her har vore nokre mindre velt.

Laurdag 16. mai vart Volvoen henta fram og starta. No skal bror til Oskar, Tore Langballe, brukha den til førefallande arbeid på tomta si ved hytta.

I Uskedalen var det minst seks traktorar med same merke og om lag same modell. Sigvald Eik kjøpte sin Volvo frå Sverre Omvik i Omvikdalen. Det var ein diesel, 1963 modell, 40 HK. Det var i 1972/73. Det er rett å ta med at det var denne traktoren Sverre Omvik hadde eit stygt uhell med. Traktorvelt førte til varige personskader.

Margunn Eik og Anbjørn Høivik har traktoren i dag og den fungerer fint. Torger Musland, Knut Døssland, Leif Kjærland og Toralf Nerhus hadde kvar sine traktorar med merke Volvo BM.



Andre Seim prøver den første traktoren som kom til Skorpo i 1969.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland